

Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	23.11.2017
Dykkar ref:	Vår ref:	2017/557 - 8913/2017
	Arkiv:	150
	Sakshandsamar:	Svein Dale Soleng

Til:
Utval for plan og miljø

Utgreiing av konkurranseutsetjing av reinhald - førebels vurdering

Den 15.11.2017 vedtok formannskapet i sak PS 67/17 Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 følgjande:
Ein ber administrasjonen ved plan og miljø om ei utgreiing av konkurranseutsetjing av m.a. reinhald.

Bestillinga er gjort i forbindelse med budsjettarbeidet, og administrasjonen forstår dette som ei konkurranseutsetjing for å redusere kostnader heller enn å vurdere om det mogleg å forbetre kvaliteten på dagens reinhaldsteneste.

Det følgjer av Hovedavtalen del B § 1-4-1 om at «*Arbeidstakerorganisasjonene eller forhandlingssammenslutningene skal være representert i administrative ad hoc-grupper som utreder mulig konkurranseutsetting*». Bestillinga vart gitt med berre fem arbeidsdagar til frist, noko som har medført at det ikkje har vore mogleg å gjennomføre utredningar i tråd med dette. Dette dokumentet er difor å rekna meir som eit grunnlagsdokument for vurderinga av om det skal gjerast ytterligere utgreiingar. Administrasjonen er av den oppfatning at vidare utgreiingar utløyser drøftingsplikt.

Tidlegare undersøkingar

Administrasjonen er kjend med at det to gonger tidlegare er vurdert konkurranseutsetjing av reinhaldstenestene i kommunen. Fyrste gong i 2005, kor ein konkluderte med at det ikkje var råd å nå innsparingsmålet på kr 300 000,-. Ein konkluderte då med at reinhaldet i Fitjar kommune låg om lag på same kostnadsnivå som nabokommunane som hadde privatisert reinhaldet sitt. Samstundes som ein oppmoda reinhaldstenesta til å vurdere organiseringa for å drive meir effektivt, trakk ein ei stilling på 0,72 % som var vakant. Statusrapporten fylgjer vedlagt.

Det vart også gjort nokre undersøkingar knytt til dette i 2012, desse er gjengitt under «*Negative konsekvensar for dei tilsette*».

Dagens situasjon

Fitjar kommune har avdelingar med reinhald på skulane, teknisk bygg, rådhuset, og Havnahuset. Dei siste 12 månader har Fitjar kommune hatt kr 2 116 586 i direkte lønskostnader knytt til reinhald. For 2018 er det budsjettert med 4,22 stillingar på reinhald, noko som utgjer ein kostnad på kr 2 228 977,- ink. sosiale kostnader.

På Fitjar bu- og behandlingssenter har ein fleire tilsette i kombinerte assistent- og reinhaldarstillingar. Kostnadane vert ført på einingane sine egne budsjett, og ordninga gir arbeidsgjevar stor fleksibilitet når det kjem til fordeling og prioritering av arbeidsoppgåver. Den reelle prosentvise fordelinga av arbeidsoppgåvene er ikkje kjend, men me legg til grunn at den varierer frå kvartal til kvartal. Desse stillingane er difor ikkje teke med i dei vidare utgreiingane. Me har heller ikkje teke med reinhald av kommunen sitt areal på Gartnartunet, då reinhald her vert handsama av dei tilsette, samt ei 13 % reinhaldsstilling på VAR.

Per i dag er det utfordringar både kva gjeld kapasitet og rekruttering. Den ugunstige arbeidstida frå kl. 06.00-12.00, med ettermiddagsskift dersom ein ikkje vert ferdig, gjer stillingane lite attraktive.

Vidare har ein på Rimbareid skule utfordringar knytt til kapasitet, då ein til trass for stor utviding i 2012 av det arealet som skal vaskast ikkje er tilført nye tilsette eller ytterlegare ressursar. Det medfører større påkjenning på dei tilsette, og har resultert i sjukemeldingar.

Erfaringar frå Stord kommune

Stord kommune konkurranseutsette vasketenestene sine i 2013-2014. Stord kommune nytta om lag MNOK 16,4 på reinhaldstenester, som vart kjøpt frå Stord kommunale eigedom KF. Det vart berekna at kommunen sparte over fire millionar per år på å overføre reinhaldstenestene til private, eller om lag 25 %. Dette talet er ikkje kvalitetssikra.

Kostnad for gjennomføring av anbodskonkurransen i 2014 satt Stord kommune av kr 150 000,-. Denne summen kan neppe overførast direkte til Fitjar kommune grunna vesentleg mindre areal, men det må forventast at det må gjerast ein stor jobb knytt til oppmåling, spesifisering av oppgåver og utarbeiding av anbodsdokumentasjon. Anbudsutsetting av reinhald er ein omfattande prosess, og om det ikkje vert laga eit godt konkurransegrunnlag vil det kunne medføre ekstra kostnader som ikkje ligg i anbudet.

Ved overføringa frå Stord kommune til anbodsvinnaren følgde 28,2 årsverk. Ved tilbakeføringa av reinhaldstenestene i 2016 var dette redusert til 26 årsverk, noko som vart vidareført av Stord kommune.

Innsparingspotensiale

Innsparinga på 25 % frå Stord kommune er ikkje overførbar til Fitjar kommune. Forskjellane i budsjett og areal gjer at det er vesentleg større rom for effektivisering og stordriftsfordelar de større avdelingane er.

Mellom anna vil administrasjonskostnadene opp til eit vist punkt være like – her vil Fitjar kommune måtte betale «full pris» til tross for at me er små. Per i dag vert det ikkje budsjettert med administrasjonskostnader for reinhald, dette vert dekkja inn via einingane (teknisk, skulane og institusjonane).

Også forskjellar på eigedommane vil spela inn - alder, slitasje, og etasjetal på bygget er utslagsgjevande for kva kostnad ein får på reinhald.

For å følgje opp kontrakten og utføringa av reinhaldstenestene oppretta Stord kommune ei 40 % stilling, med ein årlig kostnad på kr 338 170,-. Dersom ein vel den modellen som Stord kommune gjekk for, lyt ein i tillegg etablere ei ordning der ein legg oppgåva med kontroll av reinhaldet til eininga sjølv, samt etablerer eit avviks- og rapportsystem frå eininga til personen som utfører kontroll av leverandøren.

Vidare lyt ein leggje på eit vist påslag for fortjeneste for tilbydaren. Dette er naudsynt både for å kunne tiltrekke seg tilbydarar i det heile, men også for å unngå at leverandøren klarar å stå ut kontraktperioden.

For å kompensere for sine tidlegare tilsette sitt pensjonstap (AFP), satt Stord kommune årleg av kr 855 750,-. Ved tilbakeføringa vart dette rekna som ei innsparing. Om Fitjar kommune skal gjere det same vert det antatt at brorparten av ei eventuell innsparing vil forsvinne.

Konsekvensar for dei tilsette

Til tross for ei rekkje reglar som ivaretek dei tilsette sine rettar ved overføring frå ein virksomheit til ei anna, vil ei slik overføring likevel ha negative konsekvensar for dei tilsette. Dette gjeld særleg pensjon, kor dei med lengst fartstid i kommunen vert hardest ramma.

Ved utredning av same spørsmål i 2012, uttalte KLP mellom anna følgande:

- *Dersom man blir meldt ut av den offentlige tjenstepensjonsordningen får man en oppsatt rettighet. Verdien av den er mindre enn ved direkte overgang fra aktivt medlem til pensjonist.*
- *I privat sektor er det ikke særaldersgrenser. En renholder får dermed ikke opprettholdt aldersgrense på 65 år.*
- *Dersom muligheten til å gå av med AFP skal opprettholdes må det tegnet medlemskap i NHO og den private AFP løsningen.*

- *For eldre arbeidstakere vil dette ikke være optimalt da man må være medlem i 7 av de siste 9 årene før 62 for å kunne benytte seg av muligheten for å kunne gå av med AFP.*
- *I tillegg må arbeidstakeren kunne ta ut folketrygden sin for å kunne starte på AFP. Vi vet at svært få innenfor den yrkesgruppen har arbeidet nok/tjent nok til å kunne ta ut folketrygden ved 62 år.*

- *Ved utmelding fra offentlig tjenstepensjon vil den ansatte få en oppsatt rettgighet. Da endrer brøken endrer seg fra $x/30$ deler til $x/40$ deler. Man risikerer å tape opp mot 25%.*

- *I offentlig pensjonsordningen er det livsvarig utbetaling på alderspensjonen, i innskuddsordning vanligvis 10 år.*

- *Yngre arbeidstakere vil kunne komme bedre ut av det enn eldre, da de har flere år å spare på.*

Andre moment

Ved privatiseringa i Bømlo kommune på 2000-talet vart det i ettertid uttalt at kommunen på førehand burde har gjennomført innsparingar ved å gjere eigen organisasjon konkurransedyktig i staden for å gå til eksterne verksemder.

Austevoll kommune satte reinhaldstenestene sine ut på anbod i 2012-2013. Selskapet som vann konkurransen trakk seg frå kontrakten etter et turbulent år.

Administrasjonen finn det og naudsynt å påpeike at konkurranseutsetjinga reinhaldstenesta i Stord kommune medførte brot i trepartssamarbeidet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Med helsing

Atle Tornes
rådmann